

Investeringsbudsjettet 2023-2026

Total investeringsramme for 2023 er 0,-.

For perioden 2023-2026 er ramma stipulert til 1.700.000,-.

Investeringsbudsjett							
	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Budsjett 2023- 2026
Bryne kyrkje	0	0	0	200	200	200	600
Time kyrkje	0	0	0	200	200	200	600
Undheim kyrkje	0	0	0	100	100	100	300
Frøyland og Orstad kyrkje	0	0	0	100	50	50	200
Lye forsamlingshus	0	0	0	0	0	0	0
Time bårehus	3500	0	0	0	0	0	0
Sum	3500	0	0	600	550	550	1700

Bryne kyrkje. Svarer til post 4503 i kommunens økonomiplan.

Det er i 2022 planlagt/gjennomført følgende tiltak, finansiert gjennom gaver frå ideelle stiftingar og løyvde midlar frå Time kommune:

- * Innvendige og utvendige lyskastarar til opplysning av glaskunst
- * Sjøppelskur
- * Brannør og beslag til universell utforming
- * Oppgradering av projektorar i kyrkjerommet

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- * Rehabilitering av våpenhus og samtalerom.
- * Utsifting av sidedører kyrkjerom.
- * Energiforbruk/varmestyring.
- * Utsifting av vindusfasade på framsida og langsider.
- * Heis/universell utforming mellom etasjane.
- * Digitalisering av orgel, samt luftfukter.
- * Utredning av sprekkdannelser i mur.
- * Oppgradering av noverande barnehagelokale til kyrkjeleg bruk.
- * Oppgradering av grøntområde i samband med nytt barnehagebygg/kyrkjekontor.

Desse tiltaka vil dels finansierast gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune, samt gjennom gaver frå ideelle stiftingar og tilskot frå offentlege støtteordningar.

Det er lagt inn stipulert ramme til rehabiliteringstiltak frå 2024.

Investeringsbehov 2023: 0,-

Time kyrkje. Svarar til post 4510 i kommunens økonomiplan.

Det er i 2022 gjort innkjøp av digitalt orgel til Time kyrkje, finansiert gjennom gåve frå ideelle stiftingar og allereie løyvde midlar frå Time kommune:

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- * Utredning om evt endring av farger i kyrkja, tilbake til originalt frå før 1959.
- * Energiforbruk, utsifting av gamle ovner under benk.
- * Forhøying og sikring av gelender på galleri.

Desse tiltaka vil dels finansierast gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune, samt gjennom gåver frå ideelle stiftingar og tilskot frå offentlege støtteordningar.

Det er lagt inn stipulert ramme til rehabiliteringstiltak frå 2024.

Investeringsbehov 2023: 0,-

Undheim kyrkje. Svarer til post 4513 i kommunens økonomiplan.

Det er i 2022 planlagt/gjennomført oppgradering av lysarmatur og innstallasjon av solskjerming i kyrkjerommet. Prosjektet er finansiert gjennom løyvde midlar frå Time kommune.

Det ligg ikkje umiddelbare rehabiliteringsbehov i Undheim kyrkje.

Det er lagt inn stipulert ramme til rehabiliteringstiltak frå 2024.

Investeringsbehov 2023: 0,-

Frøyland-Orstad kyrkje. Svarer til post 4514 i kommunens økonomiplan.

FOK er no blitt 13 år gammal og det byrjer å melde seg rehabiliteringsbehov. Det er i 2022 planlagt utskifting av låssystem i kyrkja.

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- * Utskifting/oppgradering av golv i kyrkjerom og på scene
- * Feilretting/oppdatering av lysnettet på parkeringsplass
- * Utskifting av lamper grupperom
- * Overgang til LED-belysning kyrkjjesal
- * Utskifting av lameller

Alle kostnader til FOK vert delt likt mellom Klepp og Time, og tilsvarande prioritering vert gjort til Klepp kommune. Time sin del av kostnadane vil finansierast gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune, samt gjennom gåver frå ideelle stiftingar og tilskot frå offentlege støtteordningar.

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2024.

Investeringsbehov 2023: 0,-

Lye forsamlingshus.

Time kyrkjelege fellesråd følgjer med på utviklinga og utbygginga på Lye mht behov for utviding av Lye forsamlingshus eller framtidig kyrkjebygg på Lye. Det er ikkje spelt inn behov for oppgraderingar av eksisterande lokale i forsamlingshuset.

Investeringsbehov 2023: 0,-

Gravplassforvaltning og bårhus

Time bårhus (svarar til post 4517 i kommunens økonomiplan) gjennomgår ei stor rehabilitering og skal etter planen stå klar til bruk sommaren 2022. Det nye bårhuset vil bestå av eit moderne oppbevaringsrom med kistekjøler, samt eit oppgradert, livssynsøpe seremonirom.

Time kommune har bevilga 3.500.000 til arbeidet.

Nye benker på gravplassen:

Etter innspel frå innbyggjarar er det bestilt inn 10 nye benker som skal monterast forskjellige stader på gravplassen, hovudsakleg den gamle delen. Benkene vert montert i løpet av hausten 2022.

Investeringsbehov 2023: 0,-

Øvrige innspel

Fortau og grusa sti

I forlenginga av utvidinga av Time gravplass ser Fellesrådet det som svært tenleg å få opparbeidd ein grusa sti frå Vestly, gjennom den nye gravplassen, og vidare ned til kyrkja. Frå kyrkja og vidare ned til rv 505 er det stort behov for asfaltert fortau langs rv 206 for å sikre gåande og syklande.

Fellesrådet ber Time kommune utreda dette ved første høve.

Driftsbudsjett 2023-2026

Nye tiltak 2023 er 210.000,-.

For perioden 2023-2026 utgjør summen av nye tiltak 990.000,-.

Driftsbudsjett							
	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Budsjett 2023-2026
Kommunalt tilskot, grunnbeløp*	8 284	8 572	8 732	8 732	8 732	8 732	34 928
Diakonstilling	-	-	-	-	-	-	-
Trusopplæring/ungdomsarbeid	-	-	-	-	-	-	-
Kyrkjemusikk Undheim	-	-	-	-	-	-	-
Frøyland-Orstad	80	160	210	260	260	260	990
Verneverdige gravminne, rehab	-	-	-	-	-	-	-
IT, digitalisering	-	-	-	-	-	-	-
Generell styrking av driftsbudsjettet	-	-	-	-	-	-	-
Sum	8 364	8 732	8 942	8 992	8 992	8 992	35 918

* Lønns- og prisvekst kjem i tillegg

Frøyland-Orstad (FOK) - dagleg leing og vedlikehald

Driftsutgiftene for Frøyland-Orstad vert delt mellom Klepp og Time kyrkjelege fellesråd, med tilskot frå kommunane. Opphavleg sum til dekking av desse utgiftene var ved oppstart av soknet sett til 1,1 mill. delt 50/50 mellom Klepp og Time. Etter årlege lønns-/prisjusteringar har summen frå 2009 til 2021 auka frå 550.000 til 744.000,- på kvar. I denne perioden har driftsutgiftene for FOK auka i tråd med alder på bygg, og behovet for administrativ hjelp har blitt større. I avtala som vart underskriven i 2009 står det at FOK skal ha same vilkår som tilsvarande sokn i Klepp og Time. Klepp har allereie gitt tilskot til sin halvdel av ein 100% stilling i FOK, og Time har planlagt ei trinnvis opptrapping frå 2021-2023.

I tråd med alder på bygget og auke i aktivitetsnivå, auker òg kostnad til vedlikehald. Det er difor lagt inn ei auke på 50.000,- i 2023 og ytterlegare 50.000,- i 2024. Klepp kyrkjelege fellesråd har fått auka sitt tilskot frå Klepp kommune til generelt vedlikehald og vil prioritere lik sum som Time til FOK, i tråd med avtala om deling av kostnader.

Budsjettert kostnad til dagleg leiar av soknet 2023: 160.000,-.

Auke i vedlikehald/driftsutgifter 2023: 50.000,- (ytterlegare 50.000,- frå 2024)

Gravplassane

Auke i festeavgift frå 2019 vil få full effekt frå 2024. Fellesrådet legg difor opp til at arbeid på gravplassane utanom det heilt nødvendige blir utsett til effekten av auka festeavgift slår inn.

Framtidige innspel:

Kyrkja i Time har dei siste åra satsa tungt på barn og unge, og har gjennom givarmidle i Bryne, Time og Undheim, samt fondsmidle og tilskot frå Stavanger Bispedømme, fått på plass følgjande stillingar:

- * 100% Ungdomsleiar (Ung i Time)
- * 30% ungdomsarbeidar på Lye
- * 30% ungdomsarbeidar på Undheim
- * 50% barne- og ungdomsdiakon

Kyrkjelydane i Time ønskjer å fortsette satsinga på denne viktige målgruppa og vil i framtidige innspel legge fram planar for utviding av stillingane retta mot barn og unge. Det er eit mål å etablere enda nærare samarbeid med lag, organisasjonar og Time kommune for å få til meir arbeid på tvers. Særleg på området diakoni/omsrogsarbeid ønskjer kyrkja å løfte fram eit behov. Oppretting av 50% stilling som barne-/ungdomsdiakon har som uttalt mål å arbeide på tvers av organisasjonar og auke det frivillige engasjementet. Ønsket er å auke denne stillinga til 100% i løpet av dei neste åra.

Oppsummert

Forslaget til årleg auke i fellesrådet sitt driftsbudsjettet:

Frøyland-Orstad - dagleg leiing	kr 160.000,-
Frøyland-Orstad - drift/vedlikehald	kr 50.000,- (ytterlegare 50.000,- frå 2024)
Sum nye tiltak:	kr 210 000,-